

Til Ordførar Nils Marton Aadland.

Frekhaug 13.02.2014

Grunngjeve spørsmål.

Det er eit beklageleg faktum at elvemuslingen er nesten borte frå Mjåtveitelva. Det er også eit faktum at Meland Kommune har vedteke vernetiltak mot ytterlegare forureining av elva. Det er også eit gledeleg faktum at frivillege i «Mjåtveitelvens forening» har gjort ein omfattande dugnad, både med registreringsarbeid for å kartleggje moglege restar av musling, men også ein stor innsats for å reinske opp og klargjere elva slik at ein ny muslingbestand kan prøvast utsett. I dette frivillige miljøarbeidet har dei også involvert skuleelevar, og fått fagleg og noko økonomisk hjelp frå kommune og fylket. Det er også innleia ei samarbeid mellom Meland Kommune, Mjåtveitelvens venner og Mjåtveit Næringspark for å verne elva mot ny forureining og dermed kunna reetablere elva som framtidig habitat for elevmusling.

MDG har på denne bakgrunn følgjande spørsmål:

1. Kartlegging av utslepp.
Kor langt har Meland Kommune kome i å kartleggje alle utslepp til elva?
2. Dokumentasjon på fjerning av spesialavfall.
Kva dokumentasjon frå utbyggingsverksemda Vassbakk & Stol har kommunen motteke på at handteringa av spesialavfall/miljøgifter er utført forskriftsmesseg?
3. Kva miljøkrav er sett for Vassbakk & Stol si asfaltattvinning i Mjåtveit Næringspark?
4. Korleis følgjer Meland Kommune opp at vassprøvar av fangdammar og akvatisk rensepark vert tekne, og at desse tiltaka fungerer som føreset?

Med helsing

Representanten Leif Johnsen

Miljøpartiet Dei Grøne i Meland